

Vedr ny tilkomstveg, nye Bø barnehage

Viser til kommunen si sak nr 031/2017, arkivsak nr 16/659 og dokumentnr 17/5291

Me som bebuarar på Nordbø i Bøvågen, har registrert formannskapet i Radøy si innstilling til plassering og tilkomst for den nye barnehagen som skal byggjast på Bø.

Me har alle reagert med sjokk og vantro, då me via sakframlegget kan lese at det no er foreslått å flytte tilkomst frå sør som først skissert, og no seinare til nord. Det blei først skissert innkjørsel og eiga parkering på sør, noko som me bebuarar såg på som heilt naturleg. Seinare har ein så gått inn for å flytte dette til nord, pga "....det blir no eit oversiktleg og samanhengande uteområde adskilt frå all trafikk og såleis ein sikrare tilkomst og ei langt betre utnytting av tomten". Kva så med oss bebuarar på Nordbø? Me såg først for oss at den enorme trafikkmengda forbi oss no skulle bli moderert, og at me skulle få "byggjefeltet vårt tilbake". Den tragedien som no er i ferd med å skje, er at denne trafikkmengda no vert permanent.

Det pågår prosessar knytta til denne saka no som går utan involvering av bebuarane rundt barnehagen.

- Vegen skal gå gjennom eit byggefelt som me oppfatter som risikabelt i forhold til born og unge. Me oppfatter dette som vurdering som etter kommunen si mening er god mtp plassutnytting, men som me ser som ei dårlig vurdering knytta til omgivelsene rundt. For oss verkar dette som ei beslutning som er tatt på mangelfull heilheitsvurdering.
- Vegen, sikten og vegen i dag kan ikkje oppfattes som oppgradert. Det er ikkje mogleg å kjøre to i bredden og det er til dels mangelfull belysning. Me ser dette som ein enkel liten veg som no skal verte permanent hovedfartsåre for ein stor barnehage, ein veg som blei bygd og tiltenkt ei mykje mindre tafikkmengde enn den ein har i dag.
- Vegen blei oppretta for tilkomst for bygging av nye hus og var aldri tiltenkt som permanent tilkomst / veg for verken det som tidligare var gamleheimen eller barnehagen.
- Krysset "på toppen" av Nordbø er eit svært trafikkarleg område, særskild pdd med den enorme trafikkmengda. Uoversiktleg og smalt, noko som resulterer i nesten- ulykker omtrentleg dagleg.
- Størrelse på ny barnehage vil medføre ytterligere kapasitet for born og deretter auka trafikk, med andre ord auke i forhold til allereie belastning.
- Ved å holde seg til opprinneleg plan om eigen tilkomst vil ein få ei betre fordeling av trafikk mellom skule og barnehage. Dette med henvisning til dei trafikutfordringer som ein har i dag på barneskulen. (les: Born som skal av og på i rundkjøring, krysse fotgjengerfelt og ellers av og påstiging).
- Når det no er sjansen til å legge til rette for ei god planløysing så er det viktig at det ikkje vert gjort dårlige og forhasta vurderingar. Me som bebuarar ser difor andre alternativ med tilkomst fra aust og sør som passer inn i forhold til foreslåtte situasjonsplan som ivaretar eit godt uteområde og plassutnytting.

Me ønsker at kommunen skal lage ei god og framtidretta løysing, då både me bebuarar og barnehagen ,samt skulen, skal leve med desse løysingane i framtida. **Me ynskjer ei befarig saman**

med relevante instanser , der me saman ser på desse alternativa (formannskapet, vegvesen, fylket etc), før endelig vedtak vert gjort.

Sjå vedlegg for saksframlegg frå Radøy kommune.

(kopi sendt Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune)

Frå bebruarane på Nordbø, 05.06.2017

Rune Bø

Rune Marøy

Steinar Floen

Eli Solheim

Ronni Dinesen

Atle Nordanger

Arne Floen